

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-210	22/457

Saknr	Utval	Type	Dato
055/2022	Formannskapet	PS	31.05.2022
034/2022	Kommunestyret	PS	16.06.2022

Økonomisk rapportering - 1.tertial 2022

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Bevillingsoversyn drift	25.05.2022
Bevillingsoversyn investering	25.05.2022
Økonomisk oversyn drift	25.05.2022
Investeringsprosjekt	25.05.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rapportering pr. 1.tertial 2022 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Etter kommunelova § 14-5, 3.ledd skal rådmannen minst to gonger i året rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter, samanheldt med årsbudsjettet. Etter kommunelova sitt krav om årsbudsjettet sin bindande verknad, skal endringar av vesentleg karakter i inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjar på meldast til kommunestyret. Kommunestyret skal gjera naudsynte endringar i budsjettet for å oppretthalde lova sine krav om realisme og balanse.

Fakta

Opphavig budsjett 2022 vart fastsett i K-sak 067/2021, og i K-sak 003/2022 vart budsjett 2022 saldert. Drifts- og investeringsbudsjettet vart vidare justert i K-sak 020/2022 og rekneskapssaka K-sak 018/2022 disponerte mindreforbruket frå 2021 etter årsavslutningsdisposisjonar.

I denne saka er det på bakgrunn av rekneskapstal per april og signala frå revidert nasjonalbudsjett 2022 gjort ei vurdering av korleis ein kjem i hamn i høve budsjett 2022 ved årsslutt. Det følgjar vedlagt til saka bevilgningsoversyn for både drift og investering med innarbeidd budsjettendringar som vert tilrådd i denne saka. Status for dei ulike rammeområda er nærare kommentert under.

DRIFTSBUDSJETTET

Sentrale inntekstpostar

Skatteinntekter og rammeoverføringar er i KS sin inntektsprognosemodell oppdatert i samsvar med framlegget til revidert nasjonalbudsjett. For Masfjorden kommune prognostiserer modellen 5,9 mill. kr i høgare skatteinntekter (inkludert naturressurskatt) og 3,2 mill. kr i lågare rammeoverføringar. Skatteinntekter og rammeoverføringar er tilrådd justert opp i samsvar med prognosemodellen, det vil seie ein netto auke på 2,7 mill.

Eigedomsskatt vart i K-sak 003/2022 justert ned med 2,5 mill. To av dei 4 terminane er per skrivande stund fakturert, og prognosen er i tråd med justert budsjett.

Andre generelle driftsinntekter omfattar kompensasjonstilskot frå Husbanken. Det vart opphavleg ikkje budsjettert med integreringstilskot knytt til flyktningar da siste brukar innanfor introduksjonsordninga vart ferdig med programmet i 2021. Per skrivande stund er det kommet 7 flyktningar (3 familiar) frå Ukraina til Masfjorden kommune. Det er usikkerheit kring kor lenge desse vil vere buande i kommunen og kompensasjonsordninga frå IMDI. Det er tilsett 2 flyktningkoordinatorer i til saman 1,0 årsverk frå 1.mai 2022 og anskaffingar knytt til busettinga har hittil kosta 0,4 mill. Budsjett knytt til flyktningar er tilrådd justert opp med brutto utgifter på 1,6 mill. I påvente av meir informasjon kring kompensasjonsordninga er integreringstilskot tilrådd justert opp med 1,6 mill., det vil seie fulldekning for kommunen sine utgifter.

Sentrale inntekstpostar vert til saman tilrådd justert opp med 4,3 mill. i denne saka

Netto bevilningar til drift

Netto bevilningar til drift er i denne saka tilrådd justert opp med 11,0 mill. Avskrivningar står for 2,2 mill. av denne auken og 8,7 mill. vert fordelt på rammeområda:

Rammeområde (tal i heile tusen)	Lønn inkl. sos.utg	Drifts- postar	Avskri- vingar	Inntekter	Netto
FOLKEVALGTE ORGAN	1				1
ADMINISTRASJON	1 108				1 108
BARNEHAGE	563	115	-20		658
SKULE	-229	380	231		382
HELSE	75	58	-1		132
SOSIAL OG BARNEVERN	29		-1		28
PLEIE OG OMSORG	942	1 845	2 406	-1 500	3 693
KULTUR	24	360	48		432
KYRKJA					
TEKNISK	-341	5 542	-482		4 719
ANDRE	935	820	-2 181	-2 000	-2 426

TENESTEOMRÅDER					
SUM	3 107	9 120	0	-3 500	8 727

Løn og sosiale utgifter er tilrådd justert opp med 3,1 mill. Budsnettjusteringa dekker følgjande postar:

1. Høgare forventa lønnsoppgjjer kr 653 000
Årets lønnsoppgjjer ser ut til å ende noko høgare enn det opphavleg budsnett låg opp til. Budsnettjusteringa er naudsynt for å tilpasse budsnett til prognose.
2. Rådgevarressurs/IKT/ny brannsjef kr 619 000
Administrasjonen vert styrka med 1,0 årsverk rådgevarressurs, med midlar overført frå rammeområde Teknisk. Nytilsett brannsjef byrjar 1.august 2022. IKT ressurs er i ein overgangsfase noko over det som ligg i opphavelg budsnett.
3. Felles personalforsikringar kr 251 500
Felles personalforsikringar er i opphavleg budsnett budsnetttert noko lågare enn faktisk utgift jf. faktura frå leverandør. Posten er difor tilrådd justert opp til faktisk nivå.
4. Overtid pleie og omsorg kr 653 000
Bemannings situasjonen i pleie og omsorgssektor er krevjande. Ein kombinasjon av vakante stillingar og høgt fråvær har gitt høgare overtidsbelastning hittil i år. Budsnettjusteringa er naudsynt for å tilpasse budsnett til prognose.
5. Flyktningar kr 330 000
Masfjorden kommune har vedteke å ta imot inntil 50 flyktningar frå Ukraina. I tråd med dette er det frå 1.mai tilsett to flyktningkoordinatorar i til saman 1,0 årsverk.
6. Introduksjonsstønad kr 600 000
Opphavelg budsnett tar ikkje høgde for denne posten.

Driftspostane er tilrådd justert opp med 9,1 mill. Budsnettjusteringa dekker følgjande postar:

1. Straumutgifter kr 1 850 000
Straumprisane har vore høge gjennom heile året hittil, noko som opphavleg budsnett ikkje tek høgde for. Budsnettjusteringa er naudsynt for å tilpasse budsnett til prognose.
2. Ny omn kjøkken sjukeheimen kr 200 000
Anskaffinga ligg ikkje i opphavleg budsnett.
3. Flyktningar kr 670 000
Masfjorden kommune har hittil brukt i underkant av 0,4 mill. i samband med busetting av flyktningar frå Ukraina. Budsnettjusteringa er naudsynt for å tilpasse budsnett til prognose.
4. Ekstern vikarbyrå sjukeheimen kr 1 000 000
Krevjande bemanningssituasjon spesielt under ferieavviklinga vil utløyse behov for ekstern vikarbyrå. Budsnettjusteringa er naudsynt for å tilpasse budsnett til prognose.
5. Medfinansiering nye bustader kr 5 000 000
Med denne justeringa er posten auka til 10,0 mill. Dette tilsvarer halvparten av disposisjonsfondsmidlane som vart avsett i rekneskapen 2021.
6. Utlån kr 300 000
Utlånet er allereie vedteken og utbetalt, finansiert over kraftfondet.
7. Tilskot Bjørn West museet (vedlikehald) kr 100 000
Museet har ikkje blitt tilgodesett med vedlikehaldsmidlar frå kommunen sidan konsolideringa i 2016. Masfjorden kommune yter eit eingongstilskot til normal vedlikehald.

Inntekstpostane under rammeområda er tilrådd justert opp med 3,5 mill., og omfattar:

1. Refusjon ressurskrevjande tenester kr 1 500 000
Med denne justeringa blir budsjettposten for 2022 auka til 9,0 mill. Tilsvarande refusjon for 2021 kom på 9,9 mill. Nedgangen i høve 2021 skuldast ein brukar som ikkje vil utløyse refusjon i år på grunn av alder.
2. Sal av konsesjonskraft kr 2 000 000
Med denne budsjettjusteringa blir inntektsposten auka til 12,7 mill. for 2022. Tilsvarande inntekt i 2021 vart på 12,6 mill. Det er stor usikkerheit kring dette anslaget og administrasjonen vil kjemme tilbake til ved neste rapportering.

Netto finansutgifter

Dei største postane under finanskapitlet er avdrag og renteutgifter. Avdragsutgiftene følgjar i opphavleg budsjett nedbetalingsplan mens renteutgiftene er budsjettet ut frå anslått rentenivå. Ein raskare renteheving enn nivået som ligg i opphavelig budsjett vil kunne medføre ein justering av posten. Denne posten er ikkje tilrådd justering no og administrasjonen vil kjemme tilbake med ny vurdering ved neste rapportering.

Disponeringar

Med ovannemnde budsjettendringar blir netto driftsresultatet redusert med 4,4 mill. I tillegg kjem overføringar til investeringsbudsjettet på 2,9 mill. Overføringa gjelder finansiering av ny vassleidning Mollandseidet-Duesundøy, som vart avsett i rekneskapen 2021.

For å oppretthalde balansekravet i driftsbudsjettet er det naudsynt med bruk av disposisjonsfond på 7,3 mill.

INVESTERINGSBUDSJETTET

I K-sak 020/2022 vart fleire av investeringsprosjekta vurdert og investeringsaktiviteten vart auka frå 6,9 mill. til 15,8 mill., der heile auken vart finansiert ved bruk av frie fondsmidlar.

Den einaste endringa som er tilrådd i denne saka er anskaffing av ny utrykkingsbil til ny brannsjef. Denne er anslått til 0,2 mill. og anskaffinga blir finansiert ved bruk av tidlegare avsette frie investeringsfondsmidlar. Bruk av frie fondsmidlar er samstundes redusert med 2,9 mill. som følgje av at finansieringa for ny vassleidning Mollandseidet-Duesundøy kjem gjennom ein overføring frå driftsbudsjettet etter handsaminga av rekneskapssaka for 2021.

Vurdering

Kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. For å kunne seie noko om dette er kommunane pålagt å fastsetje finansielle måltal, for å gje eit betre grunnlag for avgjerder i økonomiplan- og budsjettprosessen samt vurderingar av den økonomiske utviklinga.

Kommunestyret skal ved handsaminga av budsjett og økonomiplan ta stilling til nivået på dei finansielle måltala for den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2.

Det skal utgreiast for årsaka til eventuelle avvik frå måltala.

Gjeldande måltal vart vedtekne i K-sak 058/2020:

- Netto driftsresultat i prosent av samla brutto driftsinntekt > 1,75 %
- Vekst i netto rente- og avdragsutgifter < vekst i samla brutto driftsinntekt
- Netto lånegjeld i prosent av samla brutto driftsinntekt < 60 %

Netto driftsresultat etter dei tilrådde budsjettendringar i denne saka blir eit underskot på 8,9 mill. Måltala om vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i driftsinntektene er heller ikkje oppfylt i justert budsjett 2022 da budsjettet tilseier ein nedgang i samla brutto driftsinntekt i høve 2021.

2021 vart eit spesielt år med høge inntekter og tilsvarande høge avsettingar til framtidige forpliktingar. Ser ein på 2021 og 2022 under eit er alle måltala oppfylte.

Formannskapet - 055/2022

FS - behandling:

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål. Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Rapportering pr. 1.tertial 2022 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Kommunestyret - 034/2022

KS - behandling:

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka. Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Rapportering pr. 1.tertial 2022 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2022 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.